



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Att: Merete Farstad

Dykkar ref
14/4581-1

Vår ref (oppkje ved svar)
14/9930

Dato
11.08.2014

Innspel til sak 3/14 på møtet i vassregionutvalet 20. august - organisering og drift av vassområda

Gloppen kommune er vert for Nordfjord vassområde, og vil støtte arbeidet med ei anna organisering av dei fylkeskommunale og kommunale oppgåvene etter vassforskrifta.

Dagens ordning fungerer ikkje, og slik vi ser det, er det heller ikkje utsikter til å få på plass ei stabil driftsordning med alle dei uklare sidene vi har når det gjeld finansiering og delinga av kostnadene i det interkommunale samarbeidet. Det er lite truleg at nokon kommune vil ta på seg vertsrolla all den tid det er så usikkert med finansieringa. Dette resulterer igjen i at vi ikkje greier å fa tak i, eller halde på kvalifiserte folk som kan gjere arbeidet.

Det er etter vårt syn ei god løysing at fylkeskommunen tar både det overordna og praktiske arbeidet med å organisere og drifte vassområda, sjølvst mot kommunal refusjon for det arbeidet og ansvaret som ligg til kommunane. Ein avtale om dette må inngåast.

Dei som arbeider med sakene etter vassforskrifta må ha dette som full stilling. 50 %-stillingane vi har i dag må avviklast, og erstattast med to fulle stillingar, ei for Sogn og ei for Sunnfjord og Nordfjord.

Gloppen kommune har tilsett prosjektleiar ut 2014. Han sluttar i prosjektet ved årsskiftet viss vi ikkje har på plass ei sikker og føreseieleg organiseringa og finansiering. Dermed er både Sunnfjord og Nordfjord utan personar i stillinga.

Sjølv om fylkeskommunen tar på seg det formelle arbeidet med organiseringa og drifta av arbeidet etter vassforskrifta, er det viktig at det kommunale arbeidet blir gjort i vassområda. Gloppen vil gjerne halde fram som vertskap med ei ny organisering, og vår mann Staffan Hjolman er interessert i ei eventuell heil og fast stilling for Sunnfjord og Nordfjord vassområde. Våre vassområde vil dermed kunne vere operative med ein gong ei ny ordning er på plass.

Med helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

Dette brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------------|----------------|------|--------------|
| Bremanger kommune | | 6723 | SVELGEN |
| Eid kommune | Rådhusvegen 11 | 6770 | NORDFJORDEID |
| Hornindal kommune | Postboks 24 | 6761 | HORNINDAL |
| Selje kommune | | 6740 | SELJE |
| Stryn kommune | Tonningsgata 4 | 6783 | STRYN |
| Vågsøy kommune | Postboks 294 | 6701 | MÅLØY |
| Internt til: Anders Ryssdal | | | |
| Internt til: Staffan Hjohlman | | | |